

INNSTILLING FR- VALNEMNDA 2010

Valnemnda byrja arbeidet sitt i september, og har arbeidd jamt fram til innstillinga vart klar 11. mars. Nemnda har vore i arbeid under tilskippingar og landsstyremøte, i tillegg til nokre telefonmøte og elles jamleg kontakt per e-post. Nemnda har lagt vinn på geografisk, aldersmessig og bakgrunnsmessig spreing.

Desse har sete i nemnda:

Kristin Fridtun
Jarle Fagerheim
Vebjørn Sture

Alle innstillingane er samrøystes.

Oslo/Trondheim, 11.03.2010

Kristin Fridtun /s/

Jarle Fagerheim /s/

Vebjørn Sture /s/

SENTRALSTYRET

Leiar: **Janne Nygård**

Nygård er fødd i 1989 og kjem frå Jølster. Dei to siste åra har ho sete i sentralstyret, eitt år som skrivar, og eitt år som nestleiar, og ho har lokallagsbakgrunn frå Firda Målungdom. Nygård har bakgrunn frå musikklinja ved Firda vidaregåande skule, og studerer i dag på lektorprogrammet ved Universitetet i Oslo.

Nestleiar: **Bror-Magnus Sviland Strand**

Strand er fødd i 1989 og kjem frå Sandnes. Han har lang fartstid frå alle lekkar i organisasjonen, med leiarverv i Målsiddisane (Stavanger), eitt år i landsstyret, eitt år som sivilarbeidar og eitt år som sentralstyremedlem. Strand har bakgrunn frå musikklinja ved St. Svithun vidaregåande skole, og studerer i dag lingvistikkk ved Universitetet i Oslo.

Økonomiansvarleg: **Eva Holthe Enoksen**

Enoksen er fødd i 1989, og kjem frå Stavanger. Ho har vore leiar i to lokallag (Kongsgård Elevmållag og Målsiddisane), sete eitt år i landsstyret, og det siste året har ho sete i sentralstyret som skrivar. Enoksen fullførte vidaregåande ved Stavanger katedralskole, etter eitt år i utlandet. Ho har òg vunne Unge Forskere for eit saremne om rettskrivingshistorie.

Skrivar: **Tone Rossow**

Rossow er fødd i 1988, og kjem frå Asker. Ho har bakgrunn frå både Studentmållaget i Nidaros og Asker og Bærum Målungdom, og har i tillegg sete to år i landsstyret. Rossow har vore allmennfagselev ved Nesbru vidaregåande skole, og studerer i dag arabisk ved Universitetet i Oslo.

Sentralstyremedlem: **Kristian Weibye**

Weibye er fødd i 1990, og kjem frå Oslo. Han har lokallagsfortida si i Katta Målungdom, og har tidlegare sete eitt år i landsstyret. Inneverande sentralstyreperiode arbeider han som sivilarbeidar på skrivarstova. Weibye har bakgrunn frå Oslo Katedralskole, og har mellom anna delteke i kjemi-OL.

Sentralstyremedlem: **Birgitta Lim Ersland**

Ersland er fødd i 1989, og kjem frå Bergen. Dei siste to periodane har ho sete i sentralstyret. Tidlegare har ho vore sentral i Bergen Målungdom. Ersland har bakgrunn frå Bergen Katedralskole, og studerer i dag historie ved Universitetet i Oslo.

Sentralstyremedlem: **Vebjørn Sture**

Sture er fødd i 1987, og kjem frå Stavanger. Sidan 2005 har han sete to år i landsstyret, to år i sentralstyret som økonomiansvarleg, arbeidd eitt år som sivilarbeidar på skrivekstova, og vore lokallagsleiar i Målsiddisane. Sture er faglært snikkar, og arbeider i dag som assistent i skuleverket.

1. vara: **Sara Niday**

Niday er fødd i 1990, og kjem frå Sola. Ho har sete i landsstyret i eitt år, og vore leiar i Kongsgård elevmållag. Niday går i dag på danselina ved Sagavoll folkehøgskule i Telemark.

2. vara: **Leif Arne Storset**

Storset er fødd i 1983, og kjem frå Tingvoll. Han har fartstid i organisasjonen heilt frå årtusenskiftet. Storset er utdanna informatikar, og arbeider hjå Opera Software.

3. vara: **Maria Svendsen**

Svendsen er fødd i 1988, og kjem frå Oslo. Ho er i dag leiar, og har bakgrunn frå alle lekkar i organisasjonen. Svendsen studerer biologi og historie på lektorprogrammet ved Universitetet i Oslo.

LANDSSTYRET

Inger-Lise Kvamme Aaland	f. 1992	Molde
Vegard Andreas Titlestad	f. 1989	Bergen
Nora Haaland	f. 1991	Randaberg
Jo Vegar Haugen	f. 1991	Trondheim
Solveig Gaundal	f. 1992	Årdal
Torstein Husebø	f. 1987	Stavanger
Johanne Marie Kydland Torvund	f. 1991	Ogna
Lars Ola Eide	f. 1992	Aurland
Tone Øvrebø	f. 1991	Bryne
Kristoffer Lim Ersland	f. 1991	Bergen
Anne Straume	f. 1993	Oslo
Ragnhild Hole	f. 1991	Stavanger

1. vara: Odin Omdal Hørthe	f. 1986	Bergen
2. vara: Alma Andersen Øydvinn	f. 1994	Kaupanger
3. vara: Ola Haugen Havrevoll	f. 1985	Trondheim
4. vara: Heidi Rossow	f. 1991	Asker
5. vara: Ole Kristian Grønneng	f. 1988	Oslo
6. vara: Kristina Leganger	f. 1989	Oslo

STYRET I NOREGS MÅLLAG

Fast medlem: **Janne Nygård**

1. vara: **Maria Svendsen**

2. vara: **Jostein Avdem Fretland**

VALNEMNDA I NOREGS MÅLLAG

Fast medlem: **Bror-Magnus Sviland Strand**

1. vara: **Eva Holthe Enoksen**

2. vara: **Tone Rossow**

LANDSRÅDET I NOREGS MÅLLAG

Fast medlem: **Tone Rossow**

1. vara: **Kristian Weibye**

2. vara: **Leif Arne Storset**

ETTERSYNFOLK FOR NORSK MÅLUNGDOM

Ettersynsfolk: **Vidi revisjon**

STYRET I DRIFTSFONDET ÅT NORSK MÅLUNGDOM

Ny medlem (på val 2013): **Kristian Weibye**

(Ikkje på val: Vebjørn Sture)

(Ikkje på val: Eva Holthe Enoksen)

1. vara: **Tone Rossow**

2. vara: **Jarle Fagerheim**

ETTERSYNFOLK FOR DRIFTSFONDET ÅT NORSK MÅLUNGDOM

Ettersynsfolk: **Vidi revisjon**

UTSENDINGAR TIL LANDSMØTE I NOREGS MÅLLAG:

Sitjande sentralstyre

Skrivarstova

Påtroppande sentralstyrefolk

Landsstyret